



Nesttun Byggconsult AS
P.B. 449 Nesttun
5853 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3793 - 14/19441

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
09.12.2014

Godkjenning - dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Mjåtveitmarka - mellombels bruksløyve for gbnr 22/240.

Administrativt vedtak. Saknr: 361/2014

Saksutgreiing:

Tiltakshavar - Nesttun Byggconsult AS – har i skriv dagsett 02.12.2014 søkt dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Mjåtveitmarka for mellombels bruksløyve for bustad på gbnr 22/240.

Vurdering:

Omsøkt dispensasjon frå rekkefølgjekrav knytt til reguleringsplan for Mjåtveitmarka gjeld kryssløysing frå hovudveg, Fv 564 og inn i Mjåtveitmarka. Rekkefølgjekrava føl gjer av reguleringsføresegnene pkt 1.2.2, som m.a. stiller krav om at vegkr yss skal vere ferdigstilt før innflytting. Saka om avkøyringsproblematikken ligg til handsaming hos Statens vegvesen.

Vilkåra i pbl § 19-2 for å gje dispensasjon vert vurdert som oppfylt for søknad om mellombels bruksløyve for gbnr 22/240.

Vedtak

«Meland kommune viser til søknad motteke 03.12.2014 om dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka.

Søknaden vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels.
2. Det vert ikkje gjeve ferdigattest før vegkryss Fv 564 og inn i Mjåtveitmarka er ferdigstilt.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

NHB Bolig Vest AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ

Mottakere:

Nesttun Byggconsult AS

P.B. 449 Nesttun

5853

BERGEN